



Tilbakemelding på utkast til undervisningstilbod for skuleåret 2015/16

Ønskje om oppretting av Studiespesialisering m/formgjeving.

Bømlo vgs har gjennom fleire år hatt tilbod om Studiespesialiserande med formgjeving. Me dreiv denne linja godt og har fått tilbakemelding frå elevar, foreldre og rådgjevar på ungdomsskulane om at elevar har fullført vidaregåande på grunn av dette praktiske tilbodet.

Då tilbodet vart nedlagd var det ikkje på grunn av dårlege resultat eller dårleg søknad, men eit ønskje om å samla tilbodet på Stord vidaregåande skule. I dag eksisterer ikkje dette tilbodet i Sunnhordland. Me har på vår skule likevel klart å vedlikehalda formgjeving som eit praktisk tilbod innan valgfrie programfag på studiespesialiserande. Dette har fungert som eit praktisk tiltak som hindra fråfall. Dette tilbodet har vorte så populært at me inneverande skuleår har to grupper i Visuelle kunstfag.

I samtalar med rådgjevar frå Bremnes ungdomsskule kom det fram at dei saknar dette tilbodet på vår skule. Dei har mange aktuelle elevar til ei mogeleg formgjevingslinje ved Bømlo vidaregåande skule.

Lokalsamfunnet på Bømlo har eit rikt kunst og kulturliv som støttar sterkt opp om formgjevingstilbodet ved skulen her.

Me har god erfaring med å integrera dette i ein ordinær studieførebuande klasse, der dei har fellesfaga samla.

Skulen har både lærarar og utstyr til å starta opp frå hausten 2015.

På bakgrunn av desse momenta ynskjer skulen ei gjenoppetting av studieførebuande m/formgjevingsfag og ser fram til positiv tilbakemelding på dette forslaget.

Bremnes 29.10.

Inge Tvedt  
konst. rektor